

## MØTEBOK BØMLO KOMMUNESTYRE

Møte den 13. desember 1979

Til stades: 34 av 39 medlemmer.

Sak nr. K. 139/79. Kommunevåpen for Bømlo.

Vedlegg nr. 296/79.

Formannskapet si tilråding:

I det teiknaren Magnus Hardeland sitt framlegg  
vert godkjent, vert fastsett at

1. Bømlo kommune sitt våpen skal vera eit sølv  
sjøblad på raud botn.
2. Bømlo kommune sitt flagg skal vera eitt kvitt  
sjøblad på raud botn.

Olav Halleraker gjorde dette utsetjingsframlegget:

1. Saka vert utsett utan at kommunestyret tar stand-  
punkt til Magnus Hardeland sitt framlegg.
2. Formannskapet vert pålagt å forhøyra seg med teik-  
naren om andre fargar på våpenet.
3. Farga avtrykk av dei våpen/flagg som formannskapet  
i samråd med teiknaren kjem fram til vert lagde  
fram for kommunestyret før avgjerd.

Framlegget vart mot 10 røyster ikkje vedteke.

Formannskapet si tilråding vart deretter vedteken samrøystes.